



STRYN KOMMUNE

# Veteranplan



Veteranplan for Stryn kommune 2023 - 2027

# Grunnlaget for veteranplanen

Ein uroleg situasjon mange stader i verda - også i våre nære område, minner oss om at vår fridom må vernast om på mange arenaer. Heldigvis er det snart 80 år sidan siste krig i Norge, men der fleire terrorhandlingar har mint oss om viktigeita av å ha ein god beredskap også i fredstid. I store deler av denne perioden har det vore konfliktar i verda der nordmenn, også frå vårt distrikt, har medverka til kampen for fred gjennom aktiv innsats.

Sidan 1947 har 100 000 nordmenn tenestegjort i internasjonale operasjonar på nasjonen sine vegne. Dette omfattar 100 operasjonar på fire kontinent. Sidan oppstarten av FN-operasjonen i Libanon i 1978 har meir enn 40 000 nordmenn medverka i freden si teneste for Norge og det internasjonale samfunnet. Veteranplanen er utarbeidd for å medverke til at den enskilde veteran får den støtta det eventuelt er behov for og for å auke forståinga og dermed respekten for oppdraga sitt formål og farenivå i storsamfunnet.

I Regjeringa sin oppfølgingsplan frå 2014, blir personell som har delteke eller deltek i internasjonale operasjonar, kalla veteranar. Med internasjonale operasjonar meiner ein: «enhver operasjon i utlandet som krever bruk av militære styrker, og som er godkjent av norske myndigheter».

Oppleving av krig og konflikt kan vera traumatiske og sette spor for veteranane sjølve, men og for pårørande og familie. Ivaretaking av veteranar frå internasjonale operasjonar er eit samfunnsansvar som treff mange samfunnsinstitusjonar, også i kommunen veteranane/ pårørande bur i.

Målet med planen er ikkje å etablere nye støtteordningar for veteranane, men å nytte eksisterande tilbod målretta slik at nytteeffekten blir størst mogleg for dei det gjeld. Det handlar om langt meir enn støttetilbod til dei som treng særskilt oppfølging. Like viktig er det å legge til rette for at veterankunnskapen og -erfaringane blir nytta på ein formålstenleg måte.

Noverande regjering har i si regjeringsplattform sagt at at den skal: «Ta betre vare på veteranane våre før, under og etter teneste, med spesiell vekt på helsemessig og sosial oppfølging, økonomisk sikkerhet og pårørande», og at dei skal «sørge for at samfunnet i større grad nyttigjør seg av den viktige kompetansen til veteranene». Stryn kommune har som mål både å forstå veteranen sin kvardag og behov, og ikkje minst kva ressurs gruppa potensielt utgjer i lokalsamfunnet. Stryn kommune sin veteranplan bygger vidare på Regjeringa sin oppfølgingsplan, og tiltaka omhandlar temaene1) anerkjenning, 2) ivaretaking og 3) oppfølging.

Frå 1947 og fram til 1978 var det rett i underkant av 100 veteranar som hadde tenestegjort frå Stryn kommune. Frå 1978 og fram til 2014 var talet 51. Etter 2014 har ein ikkje fullstendig oversikt over tal veteranar. Veteranar frå operasjonar før 1978, til dømes Tysklandsbrigaden, må leggast til dette talet. Vestlandet har ein sterk forsvarstradisjon, noko som kan vere årsaka til at talet på veteranar lokalt er høgt.

Sjølv om veteranen ikkje har formelle rettar som gjev prioritet i det sivile helse- og velferdstilbodet, er det eit viktig ledd i anerkjenninga av innsatsen deira at dei opplever dei kommunale tenestene som tilgjengelege og samordna. Implementering av tiltaka under vil kunne bidra til dette.

## **Formål med handlingsplanen**

Ved utarbeidning og oppfølging av handlingsplanen vil Stryn kommune, i samarbeid med veteranane og andre instansar, bidra til å oppnå ei systematisk oppfølging av veteranar og deira familiar, samt å gje heider og anerkjenning til veteranene. Også andre som definerer seg som pårørande er omfatta av planen sitt innhald.

Som følge av at anerkjenning og ivaretaking av veteranar i for lite grad har hatt nasjonal og lokal merksemd, har Regjeringa iverksatt eit arbeid for å betre kvaliteten på dette arbeidet.

I 2009 kom St. meld. Nr. 34 (2008-2009) «Fra vernepliktig til veteran».

Regjeringens handlingsplan (2011-2013) «I tjeneste for Norge» og Regjeringens oppfølgingsplan (2014) konkretiserte innhaldet i stortingsmeldinga.

Handlingsplanen legg føringar med mål å styrke samfunnet si anerkjenning og ivaretaking av veteranar. Samtidig ønsker Regjeringa at sivil sektor skal ta eit større ansvar for å sikre at den einskilde får den hjelp og støtte ein treng og har krav på.

Kommunane spelar ei sentral rolle i dette arbeidet, og det er på kommunalt nivå utfordringane er tenkt å være størst. I handlingsplanen blir kommunane difor utfordra til å utarbeide veteranplanar.

## **Planarbeidet**

HR-sjef Hauge var på førehand utpeika av Kommunedirektøren og kommunalsjef helse og sosial som kommunen sin representant i det innleiande arbeidet. Arbeidet starta med at HR-sjef i Stryn kommune la fram ei grovskisse på eit medlemsmøte for NVIO avd Sogn og Fjordane primo 2023. Også varaordførar deltok på dette møtet som politisk representant.

Deretter kalla HR-sjef inn to veteranar som melde seg frivillig for å vidareutvikle grovskissa. Veteranane var Terje Mundal og Arne Roger Heggestad. Etter dette møtet utarbeidde HR-sjef eit utkast som blei sendt til eit breitt utval i høyringsrunden. Dette var:

- Veterankontaktene
- Veteranar som har meldt inn at dei ønsker å lese gjennom utkastet
- Leiargruppa i Stryn kommune
- Relevante kommunale tenester
- Formannskapet i Stryn kommune
- NVIO v/Jan Kai Torvanger
- Forsvarets veteranjeneste
- RVTS Vest
- NAV Stryn

Veteranplanen sitt endelege innhald er såleis eit samarbeidsprodukt med alle desse instansane.

## Føringar for handlingsplanen

Samfunnet har eit klart ansvar for å ivareta personellet og deira nærmeste når Forsvaret deltek i internasjonale operasjoner (Prop. 73 S, 2012-2013). Kommunen er ansvarleg for at personar som oppheld seg i kommunen, får tilbod om nødvendige helse- og omsorgstenester.

Folkehelselov § 4/første ledd stadfestar at:

*Kommunen skal fremme befolkningens helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige forhold og bidra til å forebygge psykisk og somatisk sykdom, skade eller lidelse, bidra til utjevning av sosiale helseforskjeller og bidra til å beskytte befolkningen mot faktorer som kan ha negativ innvirkning på helsen.*

## Levekårsundersøkinga for veteranar

Generelt har personell som har tenestegjort i internasjonale operasjoner god helse og klarer seg godt i samfunnet. Som gruppe er desse ressurssterke og bidrar aktivt på mange samfunnsområde. Det bør nemnast at dette er ei gruppe som samla ikkje ønsker å få noko særbehandling i samfunnet. Imidlertid har dei krav på, til likt med andre grupper, å få tilbod om kvalifisert og tilpassa støtte og oppfølging ved behov. I dei siste åra er forebygging av helseproblem styrka gjennom Forsvaret si meir systemiske tilnærming til utvelging av personell, førebuing av personellet og deira familiar og oppfølginga før, under og etter tenesta. Statistisk Sentralbyrå (SSB) utga i 2013 rapporten «Veteraners Levekår». SSB skriv bl.a. i sitt samandrag frå undersøkinga at:

*Totalt konkluderer vi med at veteraner, både fra forsvaret og fra politiet, er en gruppe som har høy grad av deltagelse i arbeidsmarkedet sammenlignet med referansegruppene. Mange av forsvarsverterane er heltids yrkesaktive, spesielt gjelder det mange kvinner, og yrkesaktiviteten er også svært høy blant kvinnelige politiveteraner. Forsvarsverterane har dessuten sykefravær omrent som i referansegruppen, mens korte fravær forekommer noe hyppigere blant politiveteraner når vi sammenligner med referansegruppen. Forsvarsverterane opplever like mye støtte og tilbakemelding i sitt arbeid som andre, politiveteraner opplever mer. Det er derfor lite som tyder på at tjenesten i betydelig grad bidrar til lavere yrkesaktivitet eller svekker arbeidsforholdene. En undersøkelse av psykisk helse hos norsk militært personell, som har tjenestegjort i Afghanistan i perioden 2001-2011, ble foretatt av Forsvaret v/Kontor for psykiatri og stressmestring. Rapporten har følgende konklusjon: Det store flertallet av veteranene har god psykisk helse i gjennomsnitt fire år etter avsluttet tjeneste i Afghanistan. En andel av afghanistanverterane har psykiske helseplager på samme tidspunkt. Nivået av helsesvikt er lavere enn i en tidligere norsk undersøkelse av Libanonveteraner (UNIFIL-undersøkelsen), og også lavere enn hovedtendensen i utenlandske studier av veteraner fra krigene i Afghanistan og Irak. Både Afghanistan-studien og Levekårsundersøkelsen (SSB) indikerer at helsestatusen for norske veteraner i all hovedsak er god. Forekomsttallene når det gjelder psykisk lidelse er ikke bekymringsfulle når man sammenligner med den øvrige befolkningen.*

# Satsingsområde 1: Anerkjenning

Stryn kommune skal syne respekt for den innsatsen veteranane har gjort gjennom si deltaking i internasjonale operasjoner. Det kan vere ulike oppfatninger når det gjeld grunnlaget for norsk deltaking i krig og konflikt. Uavhengig av dette fortener den einskilde veteranen anerkjenning og respekt frå alle for viljen til å risikere liv og helse på vegne av vårt land.

## Delmål anerkjenning

Kommunen skal vise veteranane anerkjenning for den innsatsen dei har utøvd gjennom si deltaking i internasjonale operasjoner.

## Tiltak

8. mai, frigjerings- og veterandagen	<p>8. mai er Norge sin frigjørings- og veterandag. Dette er den viktigaste dagen for å markere anerkjenning av veteranar frå andre verdskrig og fram til i dag.</p> <ol style="list-style-type: none"><li>1) Blomster på minnestein ved kyrkjene i Oppstryn og Innvik. Ta bilete som blir synt på kveldsarrangementet. Avklare om dei private minnesmerka ønsker offentleg merksemd</li><li>2) Arrangement i Stryn kulturhus (samarbeid med Røde Kors?) 18:00-20:00  Veteranar m/familiar særskilt inviterte – ope for alle interessert/engasjerte  Fyrste gong 8/5-2024<ul style="list-style-type: none"><li>• Formell start – ordførar/varaordførar og NVIO v/Jan Kai Torvanger</li><li>• Innlegg om Rasmus Hatledal – sjef Generalstaben 9.april.</li><li>• Enkel servering og mingling. Bilde på tv-skjermane.</li></ul></li></ol>
17. mai	Samling ved minnesteinar/-støtte for falne.
FN-dagen 24.oktober	Mål: Markering av at FN-pakta blei etablert i 1945.  Tiltak: ein veteran held innlegg for 10-klassane i Stryn kommune (Stryn og Olden) om viktigheten av å bidra i internasjonale operasjoner/andre passande tiltak.
Monument	Skaffe oversyn over alle militære minnesmerke/monument i Stryn kommune. Ta bilete og samle dei på Stryn kommune si heimeside. Påsjå at desse blir vedlikehaldne og ivaretaka kommunen si eventuelle rolle i dette arbeidet.
Kompetanse-kartlegging	Anerkjenne den kompetansen som veteranane har relatert til beredskapsarbeid ved ulukker/terror. Kartlegge (frivilleg) kritisk kompetanse som kan vere avgjeraende ved oppfølging i krisesituasjonar som krev utvida beredskap.  Samle og gjere lett tilgjengeleg den dokumentasjonen som finst om lokal krigsinnsats på Stryn bibliotek – helst under ein synleg logo.
Andre arr	Arrangement knytt til marknadsføring av handlingsplanen  Foredrag i Stryn kulturhus når handlingsplanen blir godkjend i kommunestyret – gjerne same dag. Forslag opplegg: 1) Kommunen legg fram innhaldet i veteranplanen. 2) Foredrag med foredragshaldar Freddy Bolle. Kommunen si veteranskontakt kontakter han. Bolle snakke på skulane på dagtid? Arr ope for alle.

## Satsingsområde 2: Ivaretaking

Kommunane er ansvarlege for at personar som er busette i kommunen skal få tilbod om naudsynte helse- og omsorgstenester. For fastlegar og tilsette i kommunane vil det vere viktig å vite at internasjonale operasjonar kan vera årsak til fysiske og psykiske helseplager, også når hendingane ligg langt tilbake i tid.

### Informasjon og kurs

For å kunne ivareta veteraner og deira familiar best mogleg, treng ein tilstrekkeleg kunnskap om veteranane og deira utfordringar.

Det er viktig at kommunen samarbeider med veteranane sjølve og andre instansar som har utvida kompetanse om målgruppa. Det finst i dag mykje kompeanse ein kan oppsøke både i og utanfor Forsvaret.

### Veterankontakt

Gjennom etablering av ei communal veterankontakt er målet å gjere det enklare å sikre at veteranane får fremja sine synspunkt ovanfor kommunen. Kontakten vil medverke til at kommunen har oversyn over aktuelle hjelpetiltak og sentrale støtteaktørar innan feltet. Ein slik funksjon vil også være viktig når det gjeld å koordinere og effektivisere kommunen sitt samarbeid med andre aktørar.

### Delmål ivaretaking

Stryn kommune skal møte den einskilde veteranen og hans/hennar pårørande sine behov på ein trygg og kunnskapsbasert måte.

## Tiltak

Veterankontakt Stryn kommune	Kommunen har oppretta ei kommunal veterankontakt. Veterankontakta har ansvar for å halde oversikt over kommunen sitt tilbod til veteranar og familiene deira. I tillegg skal veterankontakta ha kunnskap om sentrale aktørar innan feltet, og det tilbodet dei har. Veterankontakt vil vere kommunen sitt kontaktpunkt for veteranar, andre samarbeidskommunar, aktørar innanfor feltet og for forsvaret.
Veterankontakt for veteranane	Terje Mundal og Arne Roger Heggestad kontaktpersonar i ein oppstartsfasa. Behov blir vurdert etter kvart.
Born/ungdom som pårørande	Kommunen skal ha tilgong til tilstrekkeleg kunnskap om temaet slik at ein kan tilby relevant støtte til einskildpersonar og instansar.
Kommunehelse-tenesta	Kommunehelsetenesta nyttar seg av kompetansemiljøet ved Regionalt ressurssenter (RVTS) for å styrke den faglege kompetansen dersom det er behov.
Nettside	Veteranplanen og anna relevant informasjon blir lagt ut på Stryn kommune si nettside.
Forankring	Veteranplanen skal forankrast i samfunnet/politisk og vedtakast i kommunestyret.
Årleg gjennomgang av plan	Planen skal revidarast årleg av veterankontaktene i etterkant av 8.mai-arrangementet. Ved substansielle endringsforslag skal planen leggast fram for kommunestyret.

## Satsingsområde 3: Oppfølging

Forsvaret er pålagt ei oppfølgingsplikt for sitt personell i eitt år etter at ein har kome attende frå internasjonal teneste. Tiltaka nemnt i denne planen kompletterer allereie eksistenade tiltak, og kan i beste fall bidra til å forsterke ei ønska effekt av desse. I dei tilfella der veteranar har fått utfordringar som følge av si teneste, vil dette også kunne få følger for deira familie og pårørande. Problematikken kan vere kompleks og involvere fleire kommunale tenester. Samhandling og forståing for dei ulike faginstansane si rolle i handtering av komplekse problemstillingar kan derfor vere viktig for ei heilsakeleg oppfølging.

### Delmål ivaretaking

Stryn kommune skal følgje opp den einskilde veteranen og gruppa sine behov over tid på ein kunnskapsbasert måte.

#### Tiltak

##### Forsvaret

- har lagt til rette for at den einskilde veteranen kan få overført helsejournalen sin frå tenesta si i forsvaret til fastlege eller andre helseinstitusjonar når vedkomande ønsker dette.
- har eit avgrensa helsetilbod til veteranar i forsvarets sanitet ved Institutt for militærpsykiatri og stressmestring(IMPS), og ved Nasjonal militærmedisinsk poliklinikk (NMP).

Dette er eit supplement til sivilt helsevesen og eit lågterskeltilbod for veteranar frå internasjonale operasjonar.

##### Stryn kommune

Samskaping	Veterankontaktene møtest årleg for å revidere veteranplanen, og sjå på fleire samarbeidsmogelegheiter i samband med 8. mai-arrangementet. Kontaktene vurderer behovet for å gjennomføre open idèverkstad for å sikre at flest moogleg idear kjem fram.
Fagdag	Kommunen, i samarbeid med veteranane, skal arbeide for å auke kompetansen om veteranar og betydinga av deira erfaringar. Også familieperspektivet må løftast fram i det forebyggande og oppfølgande arbeidet. Dersom kommunalt tilsette treng eit kompetanseløft, må det gjennomførast fagsamling(-ar).
Kommune-heisetenesta	<p>Kommunen si helseteneste må vere merksame på eventuelle (nye)behov for ekstra støtte og rettleiing til familiar der eit familiemedlem er, eller har vore, i internasjonale operasjonar. Ein skal sikre oppfølging til familien, og spesielt borna i familien, gjennom arbeid på helsestasjonen og skulehelsetenesta.</p> <p>I Stryn kommune har Psykisk helsearbeidarteneste eit hjelpetilbod til menneske som av ulike årsaker har det vanskeleg. Det kan vere akutte kriser, ein vanskeleg livssituasjon, langvarige psykiske lidinger eller udefinerte grunnar som gjer at ein treng psykisk helsearbeidarteneste.</p> <p>Det kan vere behov for støttesamtalar som primært tiltak, eller i kombinasjon med andre funksjonar i avdeling psykisk helse og rus. Stryn kommune har ruskonsulent, aktivitetstilbud og heimebaserte tenester knytt til avdeling. Psykisk helsearbeidarar har kompetanse og erfaring frå arbeid med handtering av psykiske vanskar knytt til angst, depresjon, traume m.m.</p> <p>Ein kan nytte søknadsskjema på kommunen si heimeside eller ta direkte kontakt med avdelingsleiar for avklarings-/vurderingssamtale. Saker blir vurdert individuelt, for mest helsefremmande tiltak for den enkelte. Tenesta er gratis.</p>

---

Dersom ein ser at det er behov for ytterlegare oppfølgingstiltak mot veteranane og deira familiar, vil tiltak bli vurdert iverksett etter behov.

## Forsvaret sitt tilbod

Forsvaret har ei rekke tilbod til veteranar og familiane deira både før, under og etter teneste i internasjonale operasjonar.

Forsvaret har eit oppfylgingsansvar i eitt år etter heimkomst. Nokre tilbod og kontaktpunkt kan nyttast heile livet.

Det er viktig å etablere eit godt sivil-militært samarbeid der dette er naturleg. Kommunar bør fylgjeleg ha eit lokalt samarbeid med forsvaret der dei har avdelingar. Forsvaret si veteranteneste er eit sentralt kontaktpunkt for kommunane.

### Før, under og etter operasjonen

Før utreise arrangerer Forsvaret fellessamling for soldatane og familiane deira. Her får familien informasjon om operasjonen og sikkerheitssituasjonen. Dei får tips og råd om korleis dei best kan ta vare på born og forhold til andre nære relasjonar. Familien får også møte andre pårørande.

Under utanlandstenesta har forsvaret ein døgnopen kontakttelefon for pårørande. Via denne telefonen kan viktige meldingar formidlast til dei som er ute. Forsvaret arrangerer familiesamlingar undervegs der det er formålstenleg, og vidareformidlar informasjon frå operasjonsområdet til dei pårørande.

På veg heim frå operasjonen har dei tenestegjerande som regel eit opphold på to til tre dagar, kalla mellomlanding. Overgangen til livet heime er ofte stor. Under mellomlandinga vert det gjennomført debrief, samtale med psykolog og erfaringsgjennomgang. Ved heimkomst til Norge blir det halde ein medaljeseremoni for å heidra soldatane. Dei pårørande blir inviterte til seremonien.

Tre til seks månader etter avslutta utanlandsopphald får alle veteranane ei oppfylging frå Forsvaret. Her blir det mellom anna stilt spørsmål om korleis den fyrste tida etter heimkomst var. Etter eitt år arrangerer forsvaret ei samling der personellet møter kvarandre att for å dele erfaringar om korleis det var å kome heim. På denne samlinga deltek psykolog. Forsvaret si oppfylgingsplikt vert avslutta eitt år etter heimkomst. Alle kan likevel når som helst kontakta Forsvaret for spørsmål og informasjon om rettar, hjelp og tilbod.

## **GRØNN LINJE**

Grønn linje er eit tilbod om ein treng nokon å snakke med når livet er vanskeleg. Telefonen blir betjent av frivillig personell frå Kirkens SOS som har trening i å snakke med menneske som er i ein vanskeleg situasjon, og som har jamleg opplæring om Forsvaret.

Samtalen er ikkje terapi, men personellet på Grønn linje kan vere saman med innringaren i ein vanskeleg situasjon. Ein kan vere fullstendig anonym dersom det er ønskeleg. Tenesta er tilgjengeleg 24 timer i døgnet.

Militært telefonnummer: 0510 3088

Sivilt telefonnummer: 800 30 445

## **Forsvaret sitt veteransenter**

Senteret på Bæreia utanfor Kongsvinger er eit rekreasjons- og aktivitetstilbod som kan nyttast av veteranar og familiene deira.

Forsvaret sitt veteransenter kan nyttast gratis både før, under og etter teneste i internasjonale operasjoner. Senteret kan også nyttast under permisjon frå utanlandsteneste.

Sjå meir informasjon om gjensynstrekk for avdelingar [forsvaret.no/veteransenteret](http://forsvaret.no/veteransenteret)

## **Forsvaret si opne dør**

Open dør for veteranar og veteranfamiliar er eit tilbod til alle veteranar og familiene deira. Her får ein svar på spørsmål om dekorasjonar, dokumentasjon og internasjonale operasjoner, i tillegg til råd og rettleiing om Forsvaret og samfunnet sine ulike tilbod til veteranar – uavhengig av når og kvar tenesta var.

Open dør består av eit tverrfagleg team med både militært og sivilt tilsette. Teamet har lang erfaring med å gje råd og rettleiing til veteranar og familiene deira i samband med internasjonale operasjoner. Dei fleste i dette teamet er sjølv veteranar frå internasjonale operasjoner.

Kontakt: [veteraner@mil.no](mailto:veteraner@mil.no) eller tlf. 800 85 000 (kl. 0800-1500 på kvardagar).

## **Forsvarets veteranjeneste (FVT)**

ønsker å gjøre det lettare for kommunar og andre offentlege aktørar å følge utviklinga på veteranfeltet og å finne gode verktøy å for å fremje veteranarbeidet. Derfor har FVT utarbeidet ei landingsside på [forsvaret.no](http://forsvaret.no) som heiter «Kommunalt og offentlig veteranarbeid». For å besøke nettsiden, klikk deg inn på:

[www.forsvaret.no/veteraner/kommunalt-og-offentlig-veteranarbeid.](http://www.forsvaret.no/veteraner/kommunalt-og-offentlig-veteranarbeid.)

«Hva finner du på nettsidene?

- Hva en veteranplan bør inneholde, og nytige tips til å sikre en god arbeidsprosess.
- Informasjon om den kommunale veterankontaktrollen.
- Litt om hvem veteranene er og hva som kjennetegner en forsvarsfamilie.
- Oversikt over Forsvarets og kommunenes viktigste samarbeidspartnere på veteranfeltet.
- Gjeldende politiske dokumenter, ”veteranspesifikke” fagartikler og relevant forskning.
- Oversikt over kompetansehevende kurs».

Planen er godkjend i Stryn kommunestyre

Stryn, den

Jon B Nesje

Kommunedirektør

Ordførar